

Døssland, 10.01.2025.

Viser til Løesaka: Møte og synfaring, 09.01.2025.

Med bakgrunn i at kommunedirektøren har tinga uavhenging gransking av byggesaka for å gjenskape tillit, tillet eg meg å kome med kommentar og spørsmål til varaordføraren vedk. gårdagens aktivitet på Døssland.

### **Møte med klagande part:**

Møtet vart avvikla i stova til klagar, etter at klagar sitt krav om å delta under det fysiske tilsynet for å påvise fakta, vart avvist. Grunngeving for avvisinga kjem , iflg. Sweco i sluttrapport. Det har frå før blitt gjennomført to mislukka tilsyn på grunn av at store og kompliserte byggkonstruksjonar hverken er avdekka , eller vurdert.

Vi legg ved ubesvart brev frå Endre Skogland i SANDS advokatfirma til Sweco, der det vart vist til at det ikkje var grunnlag for avvisinga.

Desse deltok på møtet: 3 representantar frå Sweco, Signe Torill Skogseth(invitert av oss), Ståle Døssland Richardsen og Ivar Kåre Døssland.

Det undrast oss og mange fleir, at det ikkje stilte representantar frå politisk nivå på møtet.

Vi tillet os å sende varaordførar, og snart påtroppande ordførar, som vedlegg, vårt orienteringsskriv vedk. bygningsmessige tiltak som er utført på bygget med kommentarar. Skrivet vart gått gjennom på møtet.

### **Synfaring:**

Deltakarar: 3 representantar frå Sweco, varaordførar og 2 representantar for tiltakshavar.

Vi undrast over at varaordføraren vel bort å delta på møtet med oss, og så som einaste politiske representant deltar under synfaringa. Det kan dokumenterast at varaordføraren har nytta alle høve til å få lagt bort saka.

Tiltakshavar har gong på gong, skriftleg, hevda å ha fått løyve til mange av tiltaka som er utført på bygget. Om dette skulle ha blitt hevda under synfaring/ påfylgjande møte, legg vi med, som vedlegg, skriftleg uttale frå tiltakshavar om kva som skulle utførast på bygget, og som administrasjonen i påfylgjande saksutgreiingar, har lagt til grunn for å vurdere tiltaket som enkelt vedlikehald.

Det kan dokumenterast gjennom kommunen sitt saksarkiv, at tiltaka som er utført på bygget ikkje er blitt byggesakshandsama, eller gitt løyve til.

### **Avslutningsvis stiller vi varaordføraren fylgjande spørsmål:**

Kvifor vel varaordføraren bort å delta på møtet Sweco hadde med oss?

Kvifor deltar det ikkje ein politisk representant frå fleirtalet og ein politisk representant for mindretalet under både vårt møte og synfaring?

Vil varaordføraren invitere Ståle Døssland Richardsen og Ivar Kåre Døssland til sitt kontor for å orintere varaordførar og ein politisk representant for fleirtalet om situasjon og bygningsmessige tilhøve, slik det vart gjort i møtet med Sweco?

Vi imøteser eit raskt svar på spørsmåla.

Vi er redd for at kommunedirektøren sitt opplegg med uavhengig granskning for å skape tillit allereie har fått seg ein alvorleg knekk!

Med venleg helsing!

Ståle Døssland Richardsen, Ivar Kåre Døssland